



Klargjeringa av tomta til Rune Hjørnevåg på Børnes er igang. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Måndag klokka 19 vert neste møte i Dialogforumet til Uskedalen Utvikling halde på Gamleskulen og denne gongen vil næringsutvikling stå i fokus, opplysar prosjektleiar Kristian Bringedal.

Børnes industriområde og utviklinga der er naturleg nok av særleg interesse og kommunen blir representert ved Jarle Fossheim. Seinast for få veker sidan vart det skreve under ei kontrakt om sal av areal på Børnes og fleire prosjekt er på gang.

Dessutan vil politikar og entreprenør Gunnar Røssland vera på møtet.

Folkevalde og næringsdrivande få Uskedalen vert oppmoda om å møta fram.

Under møtet vert det også referat frå studieturen til Åkrafjorden tysdag i denne veka og motivasjon og overføringsverdi til vår bygd er her eit hovudtema.

Kva skal vi satsa på med omsyn til turistutvikling i Uskedalen?

Kva har vi og kva manglar vi?

Av Ola Matti Mathisen